# Referat frå nettverk for SFO-leiarar 24.03.2025 i Årdal teknologipark

10 møtte.

**Korleis kan ein bidra til eit betre kosthald og fysisk aktivitet blant elevane i SFO? v/ Taryn Seta Malkhassian, folkehelsekoordinator i Årdal kommune**
Sjå eigen presentasjon som vert ettersendt.

**Open post**

**Kosthald:**

Kva serverer me på SFO? Må alle smake?

Fruktordning på skulen er fjerna i fleire kommunar, uheldig.

Kulturelle forskjellar, ser at barn frå Ukraina og Polen har eit anna kosthald.

Matpengar og system varierer frå kommune til kommune (gjerne også internt i kommunen også).

**Markeringar:**

30.april: Den nasjonale SFO-dagen!! Tema i år: Mat og måltidsglede. I tillegg har Fagforbundet ei årleg nasjonal markering for SFO-tilsette i september.

Medlemskap i «SFO-nett» kan vere lurt. Dei har digital live-sending av sfo-konferansen.

Sfo-konferansen vert arrangert i november kvart år. 26.-27.november 2025 i Oslo. Her burde fleire delta, men det er dyrt! Kan det søkast om midlar til dette?

**Ymse:**

Påmeldingar til ferie: Kva er rutinane i kommunane? Nokre SFO er veldig konsekvente på fristar, andre er meir usikre i høve kva som faktisk er mogeleg å gjere jfr. vedtektene.

**Vidareutdanning SFO v/ Gry Anita Sviggum:**

Gry Anita og Lene har delteke på vidareutdanning/ nettstudie for SFO-tilsette ved HVL, Gry Anita er no inne i sitt 3.tema. Ein kan ta så mange av dei fire delene/ semester ein vil. Ein tek 7,5 studiepoeng pr semester. 4 ulike tema å velje mellom. Eksamen og arbeidskrav, men absolutt mogeleg å gjennomføre ved sidan av jobb. Dei digitale samlingane er på to timar kl 9-11ein gong i veka. Desse studiepoenga kan ein trekke frå ei evt. Vidareutdanning (bachelor) i framtida. Utdanninga er bygd opp etter rammeplanen (dei fire ulike tema). Du må ha studiekompetanse (eller realfagskompetanse) og vere tilsett/ tilknytta ved ein sfo. Les meir her: https://www.hvl.no/studier/studieprogram/vidareutdanning-for-sfo-tilsette/

HVL tilbyr også bachelorutdanning på deltid. 180 studiepoeng fordelt på fire år. Les meir her: https://www.hvl.no/studier/studieprogram/skolefritidspedagogikk/

*«Denne utdanningen passer for deg som er SFO-ansatt eller ønsker å jobbe i SFO. Dersom du ikke har generell studiekompetanse, men har relevant jobb eller utdanning, som eksempelvis fagbrev i barne- og ungdomsarbeid, kan du søke med realkompetanse. Du kan søke realkompetanse om du er over 25 år og har 5 år relevant erfaring».*

**Planar vidare:**

- **Den regionale planleggingsdagen for alle SFO-tilsette 7.november 2025:** Meld inn til Ingrid eller nettverksansvarlege kva ynskje du har for tematikk og evt. føredragshaldar denne dagen. Det var svært gode tilbakemeldingar sist! Me må ha stort nok lokale denne gongen med plass til alle som ynskjer å delta. Innspel som kom fram i dag: Meir om rammeplanen, psykisk helse? Gjerne bruke RVTS Vest (som skal ha innlegg 23.4 på fagdag psykisk helse, dei var også inne på fagdag psykisk helse i 2024). Sjå også evaluering av dagen der deltakarane kunne legge inn svar på dette

- **Neste nettverksamling for SFO-leiarar hausten 2025 (dato, stad, tema?):** Samlinga vert lagt til Gaupne (rådhuset, skulen eller anna eigna lokale). Dato for samlinga: måndag 29.september (veke 40). Tema må me kome tilbake til, men gjerne meir om rammeplanen.

*Skrivar: Ingrid Steine Bortne, 24.mars 2025*